



J.E. Ekornes AS

6222 IKORNNES

## Vedtak om endring i løyve til utslepp frå forbrenningsanlegg - J.E. Ekornes AS

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fatta nytt vedtak i saka om løyve til utslepp frå forbrenningsanlegg. Løyvet er endra slik at det er stilt krav til utslepp av PM<sub>2,5</sub> og NO<sub>x</sub> medan krav til utslepp av aluminium er tatt ut. Løyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt. Det er også fatta vedtak om gebyr for endring av løyve.

### Bakgrunn for saka

Vi viser til løyve av 20.11.14 til utslepp frå forbrenningsanlegg for J.E. Ekornes AS. Vedtaket om å gi løyve blei klaga inn for Miljødirektoratet av fleire i nabolaget. Miljødirektoratet fatta avgjerd i klagesaka 24.11.15. Klagene blei ikkje tatt til følgje, men Fylkesmannen i Møre og Romsdal blei beden om å fatte eit nytt vedtak etter å ha vurdert kva for krav som skal stillast når det gjeld utslepp til luft av aluminium. Fylkesmannen har no endra vilkår i løyvet med heimel i forureiningslova § 18 nummer 2.

Etter at løyvet blei gitt, har verksemda bestemt å plassere forbrenningsanlegget litt nærare fjorden. Dette gir noko større avstand til fleire av dei næraste bustadane. Etter det Fylkesmannen forstår, vil ikkje den nye plasseringa ha større negative konsekvensar for området enn den opphavleg planlagde plasseringa.

Endringane er varsla i brev av 14.04.16 til verksemda med kopi til dei som var mottakarar vedtaket av 20.11.14. Endringa som gjeld NO<sub>x</sub>, er varsla munnleg til verksemda.

### Endringar og grunngjeving

Fylkesmannen har endra løyvet slik at det under punkt 4.1 i staden for krav til utslepp av aluminium, no er krav til utslepp av PM<sub>2,5</sub>. Kavet i punkt 9.1 til måling av aluminium er tatt ut av løyvet. Grensa i løyvet er sett til 12 µg/m<sup>3</sup> midla over eit døgn berekna ved mest utsette nabo. Det er også tatt inn i punkt 4.1 at forureiningsforskrifta si grense for utslepp av NO<sub>x</sub> for fyringseiningar med storleik 5 < 20 MW skal gjelde for anlegget.

PM<sub>2,5</sub> representerer ein finfraksjon av partiklar som er mindre enn 2,5 µm. Grunnen til at endringa er gjort på denne måten, er at metallar i utsleppet frå forbrenningsanlegget vil vere ein del av svevestøvet. Også i reint trevirke vil det vere noko innhald av metallar. Svevestøv blir vanlegvis delt i to fraksjonar når ein måler og vurderer luftkvalitet: PM<sub>2,5</sub> og PM<sub>10</sub>. Ifølge Folkehelseinstituttet er det truleg at både samansetninga av og storleiken på partiklane har betydning for kor skadeleg støvet vil kunne vere. Men det er lite kjennskap til

kor stor betydning dei ulike komponentane som partiklane består av, har for helseeffektane. Storleiken er avgjerande for kor djupt inn i luftvegane partiklane kan komme og for deira evne til å kunne skade cellene. Dei minste partiklane kan komme til og gjere skade lenger inn enn det store partiklar kan. I forureiningsforskrifta kapittel 7 om lokal luftkvalitet er det  $15 \mu\text{g}/\text{m}^3$  som er gjeldande årsgrenseverdi for beskyttelse av menneskeleg helse når det gjeld  $\text{PM}_{2,5}$ . Kriterier som berre tek omsyn til helseeffektar, og ikkje tek samfunns-økonomiske omsyn slik det blir gjort ved fastsetting av grenseverdiar, er på  $15 \mu\text{g}/\text{m}^3$  midla over eit døgn. For dei som oppheld seg i området ved forbrenningsanlegget, vil det kunne vere fleire kjelder enn det aktuelle anlegget som kan gi eksponering for partiklar. Vi har derfor valt å sette ei grense som er lågare enn grensa i forureiningsforskrifta og i luftkvalitetskriteria, og med same midlingstid som dei helsebaserte kriteria. Det vil ut frå dette vere lite sannsynleg at partiklar frå forbrenningsanlegget kan føre til negative helseeffektar for naboane.

Teksten under tabellen i punkt 4.1 er supplert med setninga «Utsleppa skal ligge under dei grensene som er gitt i forskrifta». Dette er tatt inn for å klargjere kva som er meint der det er vist til kap. 27 i forureiningsforskrifta. Det er også tatt inn at utsleppskravet til  $\text{NO}_x$  for fyringseiningar over 5 MW skal gjelde for anlegget. Brenning av finer og anna virke med lim har vist seg å kunne føre til høgare utslepp av  $\text{NO}_x$  enn brenning av reint virke, og det er derfor relevant å ta med denne komponenten for anlegg som nyttar finer som brensel sjølv om fyringseininga er under 5 MW.

I tillegg til dei nemnte endringane i løyvet er reine trykkfeil retta i teksten enkelte stader.

### **Vedtak om gebyr**

Vi viser til varsel om gebyrsats av 14.04.16 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve mv. Som varsla blir det nytta gebyrsats 3 for endring av løyve, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-5. Verksemda skal etter dette betale eit gebyr på kr. 5 700 for saksbehandlinga. Faktura med innbetalingsblankett blir sendt ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

### **Mulegheit for klage**

Vedtaket om å endre løyvet og vedtaket om gebyrsats kan klagast inn til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå underretning om vedtak er kome fram eller frå vedkomande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal angi kva det blir klaga over og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar av betydning for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Kopi av dette vedtaket er sendt til Miljødirektoratet og dei som var mottakarar av det opphavlege løyvet.

Med helsing

Anne Melbø (e.f.)  
fagansvarleg

Guro Eidskrem Gjenstad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

Endra løyve til utslepp frå forbrenningsanlegg

Kopi:

FAU v/Sørestranda barneskole v/Alte Wærøy		6222	IKORNNES
Familien Støylen	Sørestrandvegen 627	6222	IKORNNES
Petrine og Jens Ekornes minne AS	Høgvollvegen 8	6018	ÅLESUND
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Herdis Johannessen v/Advokatfirmaet Engelsen DA	Postboks 16 sentrum	6001	ÅLESUND
Naboar v/Vegard Ekornes Johannessen	Knutsenvegen 7A	6230	SYKKYLVEN
Nicolai Ekornes	Ikornnesvegen 54	6222	IKORNNES
Lennart Ekornes v/Erling Ekornes	Storfjordvegen 35	6013	ÅLESUND
Johannes Håskjold	Sørestrandvegen 637	6222	IKORNNES
Sykkylven kommune		6230	Sykkylven
Kjetil Ekornes	Bergåsen 17	6222	IKORNNES



## Løyve etter forureiningslova til utslepp frå forbrenningsanlegg for J.E. Ekornes AS

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 06.03.14 samt opplysningar som er komne fram under behandlinga av søknaden. Vilkåra går fram av dei følgande sidene.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Bedrifta må på førehand avklare skriftleg med Fylkesmannen endringar som den ønskjer å gjere i høve til opplysningar som blei gitt i søknaden eller under saksbehandlinga og som kan ha påverknad på miljøet.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet har tredd i kraft, skal bedrifta sende ei utgreiing av omfanget til verksemda slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Data om bedrifta

Bedrift	J.E. Ekornes AS
Lokalitet/gateadresse	Industrivegen 1
Postadresse	6222 Ikornnes
Kommune	Sykkylven
Org. nummer (bedrift)	971681489
Euref 89, UTM sone 32	nord: 6919386      aust: 373632
Gards- og bruksnummer	41/41 og 41/43
NACE-kode og bransje	31.090 Produksjon av møbler ellers

### Fylkesmannen sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>
2014.0602.T	1528.0012.01	07/3293	3

Løyve gitt: 20.11.14	Endringsnummer: 1	Sist endra: 23.05.16
Anne Melbø (e.f.) fagansvarleg	Guro Eidskrem Gjenstad overingeniør	
<i>Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.</i>		

<sup>1</sup> Jf. forureiningsforskrifta kapittel 39 «Gebyr til statskassen for Fylkesmannens arbeid med tillatelser og kontroll etter forurensningsloven»

## **1 Produksjonstilhøve/utsleppstilhøve**

Løyvet gjeld forureining frå anlegg for energigjenvinning med 2 MW innfyrt effekt. I flisfyringsanlegget til bedrifta kan det årlig brennast inntil 1800 tonn avkapp frå eigen produksjon.

Ved vesentlege endringar skal bedrifta søke om endring av løyvet, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

## **2 Generelle vilkår**

I tillegg til dei vilkåra som er sett i dette løyvet, gjeld kapittel 27 i forureiningsforskrifta («Forurensninger fra forbrenningsanlegg med rene brenslere») for verksemda.

### ***2.1 Avgrensingar i utslepp***

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som ein reknar med har størst påverknad på miljøet, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifike vilkår i pkt. 3 flg. i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp blei lagt fram i samband med saksbehandlinga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket blei fatta. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i pkt. 3 flg. eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan betydning for miljøet.

### ***2.2 Plikt til å overhalde grenseverdier***

Alle grenseverdier skal overhaldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

### ***2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som muleg***

All forureining frå bedrifta, inkludert utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, har bedrifta plikt til å redusere sine utslepp, inkludert støy, så langt dette er muleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje gjennom vilkår i pkt. 3 flg. uttrykkeleg er sett grenser for.

### ***2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald***

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lavast muleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal bedrifta sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha påverknad på utslepp. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7<sup>2</sup>.

### ***2.5 Tiltak ved auka fare for forureining***

Dersom det som følge av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, har bedrifta plikt til å sette i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere

---

<sup>2</sup> Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta)

eller redusere den auka faren for forureining. Dette omfattar om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Bedrifta skal så snart som muleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få betydning for forureining. Akutt forureining skal varslast som skildra i pkt. 8.4.

### **2.6 Internkontroll**

Bedrifta har plikt til å etablere internkontroll for si verksemd etter gjeldande forskrift om dette<sup>3</sup>. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at bedrifta overheld krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Bedrifta har plikt til å halde internkontrollen oppdatert.

Bedrifta skal til ei kvar tid å ha oversikt over alle tilhøve som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikotilhøve.

## **3 Utslepp til vatn**

Det skal ikkje vere utslepp til vatn frå forbrenningsanlegget.

## **4 Utslepp til luft**

### **4.1 Avgrensingar av utslepp**

Følgande grenser gjeld:

<b>Utslepps-komponent</b>	<b>Konsentrasjons-grense</b>	<b>Midlingstid</b>	<b>Målefrekvens</b>
CO	10 mg/m <sup>3</sup>	8 timar	Minimum årleg
NO <sub>2</sub>	200 µg/m <sup>3</sup>	Time	Minimum årleg
PM <sub>10</sub>	50 µg/m <sup>3</sup>	Døgn	Minimum årleg
PM <sub>2,5</sub>	12 µg/m <sup>3</sup>	Døgn	Minimum årleg

Konsentrasjonsgrensene gjeld verdier berekna ved mest utsette nabo.

I tillegg må dei komponentane som er omfatta av kapittel 27 i forureiningsforskrifta, målast slik forskrifta krev. Utsleppa skal ligge under dei grensene som er gitt i forskrifta. For NO<sub>x</sub> må grensa for einingsstorleiken 5 < 20 MW haldast.

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, for eksempel lagerområde, område for lossing/lasting og reinseanlegg, som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest muleg.

For eventuelle nye utsleppspunkt skal det lagast berekningar av spreining som viser maksimale bakkekonsentrasjonar av relevante forureinande komponentar under dei mest ugunstige spreiningstilhøve som kan oppstå. Både bidraget frå nye utsleppspunkt og frå eksisterande kjelder, samt bakgrunnsnivå, skal synleggjerast. Konsentrasjonane skal vurderast etter

<sup>3</sup> Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta)

forureiningsforskrifta sitt kapittel 7 eller andre relevante normer og retningslinjer for luftkvalitet. Beregningar av spreining skal gjerast av ein uavhengig og kompetent aktør og skal sendast Fylkesmannen i god tid før byggstart. Fylkesmannen kan om nødvendig stille nærare krav til plassering og høgd på nye utsleppspunkt.

#### **4.2 Krav til brensle**

I forbrenningsanlegget kan det nyttast brensle i form av avkapp frå bedrifta sin møbelproduksjon slik den er skildra i søknaden. Det blir ikkje gitt løyve til å brenne flis frå impregnert material eller frå trevirke som er behandla med stoff som kan innehalde halogenerte organiske forbindelsar eller tungmetall.

Avkappet kan vere heiltre, pallevirke, ubehandla treemballasje, kryssfiner og laminat av bøkefiner. Ved mottak av kryssfiner frå ein annan av Ekornes sine fabrikkar, må J.E. Ekornes AS sørge for mottakskontroll. Kontrollen skal sikre at den mottatte brensla er rein kryssfiner og eigna til bruk i forbrenningsanlegget.

#### **4.3 Krav til drift av forbrenningsanlegget**

Plassering av brennar og tilførsel av brensle skal vere slik at forbrenninga blir optimal. Forbrenningsanlegget skal berre nyttast når bedrifta har behov for den energien anlegget produserer. Forbrenningstemperaturen skal være minst 850 °C ved brenning av anna enn reint trevirke.

## **5 Støy**

Bidrag frå forbrenningsanlegg og fliskuttar til utandørs støy ved ikringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgande grenser, målt eller berekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdagar	Søn- og helligdagar	Kveld (kl. 19-23), kvardagar	Natt (kl. 23-07), alle døgn	Natt (kl. 23-07), alle døgn
55 Lden	50 Lden	45 Lden	50 Levening	45 Lnight	60 LAFmax

Lden er A-vege ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

Levening er A-vege ekvivalent støynivå for kveldsperioden 23-07.

Lnight er A-vege ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

LAFmax er A-vege maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/berekna med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Alle støygrenser skal haldast innanfor alle driftsdøgn.

Fliskuttar kan nyttast i perioden måndag-fredag mellom kl. 08 og 16.

## **6 Energi**

Bedrifta skal ha eit system for kontinuerlig vurdering av tiltak som kan settast i verk for å oppnå ein mest muleg energieffektiv produksjon i anlegga. Energistyringssystemet skal vere i samsvar med norsk standard for energileiing og inngå i bedrifta sin internkontroll, jf. pkt. 2.6.

## **7 Avfall**

### **7.1 Generelle krav**

Bedrifta har plikt til å unngå at det blir danna avfall som følge av verksemda så langt det er muleg utan urimelege kostnader eller ulemper. Særleg skal ein forsøke å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest muleg.

Bedrifta har plikt til å sørge for at all behandling av avfall, inkludert farleg avfall, skjer etter gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova. Dette omfattar også avfallsforskrifta<sup>4</sup>.

### **7.2 Forbrenningsrestar**

Mengda av forbrenningsrestar frå drifta av anlegget skal avgrensast mest muleg. Støv, flygeoske og botnoske frå forbrenninga blir rekna som avfall. Avfallet skal lagrast i tette behaldarar og sikrast mot spreing under behandling og transport. Avfallet skal leverast til godkjent mottakar.

## **8 Beredskap og førebyggjande tiltak mot akutt forureining**

### **8.1 Miljørisikoanalyse**

Bedrifta skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Bedrifta skal vurdere resultatata i forhold til akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på bedrifta sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Bedrifta skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli påverka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

### **8.2 Førebyggjande tiltak**

På basis av miljørisikoanalysen skal bedrifta sette i verk risikoreduserande tiltak. Tiltak for å redusere både sannsyn og konsekvensar skal vurderast. Bedrifta skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

### **8.3 Etablering av beredskap**

Bedrifta skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljøriskoen som verksemda til ei kvar tid representerer.

### **8.4 Varsling av akutt forureining**

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast etter gjeldande forskrift<sup>5</sup>. Bedrifta skal også så snart som muleg underrette Fylkesmannen i slike høve.

---

<sup>4</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

<sup>5</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992, nr. 1269

## **9 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen**

### ***9.1 Utsleppskontroll***

Bedrifta skal gjennomføre målingar av utslepp til luft. Målingane omfattar måling av volumstrøm, prøvetaking, analyse og berekning. Målingane skal utførast i vinterhalvåret når belastninga mest sannsynleg vil vere størst.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal som eit minimum omfatte:

- komponentar som er uttrykkeleg regulert gjennom grenseverdier i løyvet eller forskrifter
- andre komponentar som er omfatta av rapporteringsplikta etter Miljødirektoratet sin rettleiar til bedriftene si eigenkontrollrapportering. Rettleiaren er lagt ut på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

Bedrifta skal ha eit måleprogram som inngår i bedrifta sin dokumenterte internkontroll.

### ***9.2 Måleprogram***

Når bedrifta utarbeider måleprogrammet, skal den:

- velje frekvensar for prøvetaking som gir representative prøver
- vurdere bidraga til usikkerheit ved dei ulike trinna i målingane (måling av volumstrøm, prøvetaking, analyse, berekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til et akseptabelt nivå

Måleprogrammet skal skildre dei ulike trinna i målingane og grunngi dei metodane som er valt. Det skal gå fram av måleprogrammet kva for bidrag til usikkerheit dei ulike trinna gir.

### ***9.3 Kvalitetssikring av målingane***

Bedrifta er ansvarleg for at metodar og utføringar er forsvarleg kvalitetssikra bl.a. ved å:

- utføre målingane etter Norsk standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Fylkesmannen kan vidare godta at annan metode blir nytta dersom særlege omsyn tilseier det.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytar skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta.

### ***9.4 Rapportering til Fylkesmannen***

Bedrifta skal innan 1. mars kvart år rapportere utsleppsdata frå det føregåande året via [www.altinn.no](http://www.altinn.no). Rapportering skal skje etter Miljødirektoratet sin rettleiar til bedriftene si eigenrapportering, sjå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

## **10 Utskifting av utstyr**

Dersom det skal skiftast utstyr i verksemda slik at det teknisk er muleg å motverke forureiningar på ein vesentleg betre måte enn da løyvet blei gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

All utskifting av utstyr skal baserast på dei beste tilgjengelege teknikkane med sikte på å motverke forureining.

## 11 Eigarskifte

Dersom bedrifta blir overdratt til ny eigar, skal melding sendast til Fylkesmannen så snart som muleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

## 12 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureiningar. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureiningar etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand sendast melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsette nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og muleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal bedrifta sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir tatt hand om på ein forsvarleg måte. Dette omfattar at farleg avfall blir behandla etter gjeldande forskrift<sup>6</sup>. Dei tiltaka som blir treft i denne samanhengen, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikaliar og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden blir sett i tilfredsstillande stand igjen med tanke på miljøet.

Dersom ein ønskjer å begynne verksemda på nytt, skal det sendast melding til Fylkesmannen i god tid på førehand.

## 13 Tilsyn

Bedrifta har plikt til å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne gir mynde, føre tilsyn med anlegga til ei kvar tid.

---

<sup>6</sup> Avfallsforskrifta sitt kapittel 11 om farleg avfall

**VEDLEGG 1: Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1**

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i pkt. 3 flg. eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan påverknad på miljøet.

**Metall og metallforbindelsar:**

	<b>Forkortingar</b>
<b>Arsen</b> og arsenforbindelsar	As og As-forbindelsar
<b>Bly</b> og blyforbindelsar	Pb og Pb-forbindelsar
<b>Kadmium</b> og kadmiumforbindelsar	Cd og Cd-forbindelsar
<b>Krom</b> og kromforbindelsar	Cr og Cr-forbindelsar
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølvforbindelsar	Hg og Hg-forbindelsar

**Organiske forbindelsar:**

	<b>Vanlege forkortingar</b>
<b>Bromerte flammehemmarar:</b>	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclohexan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
<b>Klorhaldige organiske forbindelsar</b>	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksinar og furanar	Dioksinar, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkanar C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkanar C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylylar	PCB
Tensidane:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
<b>Nitromuskforbindelsar:</b>	
Muskxylen	
<b>Alkylfenolar og alkylfenoletoksylylar:</b>	
Nonylfenol og nonylfenoletoksylylar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylylar	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerar	
2,4,6tri-tert-butylfenol	
<b>Polyfluorerte organiske forbindelsar (PFCs)</b>	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelsar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelsar
Perfluoroktansyre	(PFOA)
<b>Tinnorganiske forbindelsar:</b>	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
<b>Polysykliske aromatiske hydrokarbonar</b>	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5